

---

**Fra:** Odd Bjarne Berdal <Odd.Bjarne.Berdal@hfk.no>  
**Sendt:** 20. mai 2016 10:43  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle; Skyss - Postmottak; Offisiell post til alle skoler; Yrkesopplæringsnemnda; Roald Kvamme; Regionalavdelinga - Postmottak; Samferdselavdelinga - Postmottak; Kultur- og idrettsavdelinga - Postmottak; Hovedtillitsvalgte - alle; Økonomiavdelinga - Postmottak; Hovedtillitsvalgte - alle; 'hordaland@lo.no'; Fylkesmannen i Hordaland  
**Kopi:** Arild Sondre Sekse; Ingeborg Borgen Takle; Rektorene i HFK; Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne; Fagskole; Fylkesrådmann - Postmottak; Adeline Berntsen Landro; 'roger.pilskog@lo.no'; 'Tom.Knudsen@no.no'; 'Helene.Arholm@ks.no'; 'astrid.toft@ks.no'  
**Emne:** Open høyring - rullering av Hordaland fylkeskommune sin Skulebruksplan 2017-2030

#### Til aktuelle høyringspartier

## Open høyring - rullering av Hordaland fylkeskommune sin Skulebruksplanen

Fylkesutvalet vedtok torsdag 19.05.2016 å legge Fylkesrådmannen sitt forslag til rullert Skulebruksplan ut på open høyring.

HFK sin skulebruksplan for perioden fram mot 2025 vart handsama og vedtatt av fylkestinget 12. desember 2012 og 13. mars 2013. I november 2015 vedtok fylkesutvalet (PS280/15) at denne planen skulle rulleraust i 2016. Forslaget til rullert plan vurdere skulestrukturen fram mot 2030 og legg til grunn dei same kriteria for skulestruktur som i den opphavlege skulebruksplanen.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å kunne tilby eit breitt og fagleg sterkt vidaregåande opplæringstilbod framover både innan yrkesfaglege- og studieførebuande utdanningsprogram. Vidare er eit overordna mål at flest mogleg av ungdommene i Hordaland fullfører vidaregåande opplæring med eit godkjent kompetansebevis. For å oppnå dette er det avgjerande med eit godt samarbeid og ein god dialog med alle aktørar knytt mot vidaregåande opplæring. Det er difor stor verdi for Hordaland fylkeskommune å få innspel på forslaget til rullert skulebruksplan.

Alle velkomne til å gi uttale. Høyringsgrunnlaget vert ikkje sendt ut i papirform, men er publisert på Hordaland.no – Hordaland fylkeskommune sine offisielle nettsider:

**<http://www.hordaland.no/skulebruksplan>**

### **Høyringsuttaler**

Høyringsuttaler kan berre leverast elektronisk og gjerast gjennom eit svar-skjema på Hordaland fylkeskommune sine nettsider. Høyringsuttaler kan leverast frå tysdag 24.05.16. Høyringsfrist: **01.07.2016**. Høyringsfristen er absolutt.

På bakgrunn av høyringsuttalene vert det utarbeidd framlegg til politisk sak. Endeleg handsaming er planlagt til Fylkestinget i oktober 2016.

#### Framdrift:

- Ut på høyring 19.05.16

- *Høyringsfrist 01.07.16*
- Handsaming Opplæring- og helseutvalet 07.09.16-08.09.16
- Handsaming Fylkesutvalet 21.09.16-22.09.16
- Endeleg handsaming i Fylkestinget 04.10.16-05.10.16

Beste helsing

**Odd Bjarne Berdal**

Seniorrådgjevar / Prosjektkoordinator  
Opplæringsavdelinga



Tlf: 55 23 95 81 | Mob: 992 33 975

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)